



«Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 -2033» og «Handlingsprogram 2021 Berekraftig verdiskaping Regionalplan for innovasjon og næringsutvikling». Innspel frå Hardanger og Voss museum (HVM).

Generelt

Hardanger og Voss museum (HVM) ser positivt på at det er laga ein regional plan for innovasjon og næringsutvikling som peikar framover og som følger overordna strategiar nasjonalt og internasjonalt. FN sine berekraftsmål er lagt til grunn og planen tek opp i seg visjon, mål og satsingar i «Utviklingsplan Vestland fylkeskommune 2021 -2024» som er fylkeskommunen sin overordna plan. Det er flott at FN sitt berekraftsmål nr 17, «samarbeid for å nå måla», vert framheva for å samla og motivera alle til å bidra i verdiskaping og i å skapa og styrka arbeidsplasser i heile fylket. Det fordrar eit godt samspel mellom sentrum (Bergen som motor) og distrikta med fylkeskommunen i rolle som både koordinator, medspelar og utviklar.

Planen beskriv 2 store utfordringar som Vestland står overfor:

- Få fart på den store omstillinga som skal gjera Vestlandet mindre oljeavhengig.
- Sikra verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket.

Planen har 3 satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal til næringsutvikling

HVM er glad for formuleringa: «Det er distrikta som kjem til å leie an i det grøne skiftet. Det er i distrikta ein finn naturressursane, arbeidsplassane og bedriftene som gjer at vi skal bruke grøn konkurranseskraft og grøn næringsutvikling i alle ledd.». Naturen er utgangspunktet og i Hardanger har vi fjord, foss, fonn, fjell, frukt og kulturlandskap som unike ressursar for utvikling og verdiskaping. Her trengst fleire folk som bur i Hardanger og arbeider her. Å skapa **bulyst i distrikta blir viktig** og å utvikla gode bu- og arbeidsregionar i heile fylket. Det må vera folk og kompetansemiljø i nærlieken for ta i bruk og forvalta desse naturressursane i nye satsingar. I planen og i handlingsprogrammet bør det seiast meir om korleis fylkeskommunen kan styrke

regionar som har store naturressursar og eit næringsliv som treng folk, men der folketalet går ned og særleg kvinner flyttar for å ta utdanning og ikkje kjem tilbake til heimstaden. Korleis reversera sentraliseringa og at «alle» skal bu i byen? Det må vidare leggjast enno større vekt på medverknad frå distrikta i arbeidsgrupper og i styringsgruppe når planen skal gjennomførast som eit viktig verkemiddel. Fylkeskommunen må og arbeida med å identifisera nye «verdiskapingsklynger», gjerne på tvers av sektorar, og vidare leggja til grunn og sjå til at utviklinga skal vera kunnskapsbasert. I gjennomføring av planen må fylkeskommunen drøfta si aktørrolle og kva strategiske partnarskap ein skal leggja til rette for gjennom verkemiddelapparatet og som medspelar og rettleiar. Distrikta må styrkast enno meir med fylkeskommunen som medspelar. Avgjerande i tida som kjem er å konkretisera korleis dei gode intensjonane i planen skal følgjast oppi praksis med virkemiddelbruk. Vi må løfta fram konkrete prosjekt som er gjennomførbare, stort og smått, som gir resultat, bulyst og arbeidsglede.

Vi sluttar oss til at planprogrammet må støtta opp om utvikling av regionsenter og kommunedelsenter i heile fylket. Vi vil understreka kor viktig det er å ha eit særleg fokus på å leggja til rette for at barnefamiliar og unge kvinner og menn vel å bu i distrikta. Då er det behov for gode skuletilbod og desentralisert undervisning og gode kulturtilbod i tillegg til bustad og interessante jobbar for meir enn 1 i familien. Det må og vera gode digitale tenester og gode og sikre vegar i bu- og marknadsregionane og med godt samband til sentrum og mellom byane og regionsentra. Likeins er vi opptatt av at nærliek til sjukehus og god eldreomsorg pregar dei «gode lokalsamfunna». Tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse er ofte ei stor utfordring for næringslivet i distrikta. Det er viktig at det blir stimulert til lokal deltaking og at styresmaktene/fylkeskommunen skaper interesse og legg til rette for lokalt eigarskap og investeringar i bedrifter, kunnskapsorganisasjonar og næringsliv (tema 3 Innovative samfunn og like muligheter). Det blir viktig å jobba med utflytting av statlege og offentlege arbeidsplasser og slik styrka regionssentra. Etablering av kartverket i Kinsarvik kan vera eit døme på ei vellukka etablering som gjer at fleire med høgare utdanning kan virka for heile landet herifrå.

Vi må finna balansen mellom kompetansemiljøa i Bergen og kompetansen der ressursane er. Hardanger og Voss har stor kompetanse på reiseliv og landbruk og særleg i Hardanger på prosessindustri og vasskraft med milliardomsetnad og viktige arbeidsplasser i Vestland. Desse miljøa bidrar sjølve til kompetansemiljøa i heile landet innan sine felt og må ha tilgang på kompetanse i forskningsmiljø og høgskular/universitet for vidareutdanning og for rekruttering frå høgskolemiljø. Fleire stipendiatorordningar og traineestillingar kan vera eit forslag. Vi må

styrka gode kompetansemiljø/forskningsmiljø utanfor byen og her trengst fylkeskommunen sin innsats for å få det til. Døme på slike kunnskapsmiljø kan vera NIBIO (ei avdeling er i vår region på Lofthus) og læringsmiljøa ved vidaregåande skular og desentralisert høgskuleutdanning/studiesenter. Dei konsoliderte musea høyrer og med som viktige kompetansemiljø i distrikta så vel som musea i byen. Koronapandemien har vist oss at ein kan få til mykje frå heimekontor og gjera jobbar kor som helst ifrå. Krisa viser muligkeit for eit meir desentralisert arbeidsliv. Pandemien har òg vist at distrikta utanfor Bergen har mange fordelar med tanke på fare for smittespreiing.

Musea i fylket er viktige samfunnsinstitusjonar og kunnskapsinstitusjonar. Dei har både eit lokalt og eit regionalt ansvar, skal驱iva forsking, dokumentasjon av samfunn og historie og formidling av kulturarv og samfunn. Musea forvaltar verneverdige bygningar og andre kulturminne og er både kulturbankar og visningssenter for historie. Musea formidlar dei lange linjene i lokalsamfunn og region og forsking ligg til grunn for formidlinga for å fortelja ei truverdig historie. Korleis har desse samfunna oppstått, utvikla seg og kva skjer framover? Men musea er òg kulturaktørar i lokalsamfunn, scener og galleri for utøvarar og kunstnarar. Fleire av musea i Vestland har og eit nasjonalt formål, som td. vår avdeling Hardanger fartøyvernssenter med oppdrag over heile landet innan restaurering, fartøyvern og immateriell kulturarv. Stiftinga Agatunet er eit av våre mest verneverdige klyngetun med ei rettshistorie tilbake til 1200-talet. Førekomsten av mellomalderbygg i Hardanger og Voss er av dei største i landet og vitnar om lokalsamfunn frå ei anna tid som gir sær preg og røter som gir identitet. Hardingfela.no har utvikla heilt nye former for rekruttering og vidareføring av folkemusikk og folkedans som har eit nasjonalt potensiale.

Musea er kunnskapsbankar og gjennom dialog med brukarar og i samarbeid med mange kjem ein tett på både fastbuande og tilreisande. Slik får ein kunnskap om samfunn og folk som er til nytte for forsking og utvikling. Musea jobbar med mangfold og identitet og gjer samtidsskripsjonar. Kunstmusea skaper refleksjon som ved Kabuso som er tusenårsstaden i Hordaland. Her har ein òg residens for kunstnarar som skaper kunstprosjekt med Kabuso som utgangspunkt. Det er kulturproduksjon og det er kultur som næring. Det er kunstnarar i arbeid. Musea inngår i fagnettverk nasjonalt og også internasjonalt og er slik kunnskapsinstitusjonar med store nettverk innan ulike fagmiljø. Fleire av musea er i distrikta med eit stort kontaktnett utanfor som vi deler kunnskap med. Musea kan vera gode samarbeidspartar i partnarskap om

innovasjon og næringsutvikling – det vil vera ein vinn- vinn situasjon for musea og dei kunnskaps- og verdiklyngene ein kan inngå i. Dette er det mange døme på i heile fylket.

Dei vidaregåande skulane og musea som samfunnsinstitusjonar vart utvikla frå 1970-talet. Dei vidaregåande skulane har fått og får no investeringsmidlar som gir gode lokale for ein framtidsretta skule. Musea er for alle, og vi vonar at fylket finn å kunna vidareutvikla musea som viktige «kulturbankar» og kunnskapsinstitusjonar å investera i knytt til kulturarv, vern gjennom bruk og opplevingsproduksjon og forteljekunst. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling må enno tydelegare visa retning for kompetansedeling og sørge for at vi har mange nok og sterke nok kompetansemiljø i regionane inkludert i arbeidet og nemnt i planen. Her bør musea nemnast også. Tilgang til kompetanse, utdanning og FOU til næringslivet i heile fylket er eit av dei viktige momenta for framtidig utvikling. Desentralisert utdanning må vera tilpassa næringslivet sine behov både sentralt og lokalt i fylket. Klyngesamarbeid og partnarskapsavtalar som omfattar tema som er aktuelle fleire stader i fylket, må identifiserast. Det er forfriskande og fornyande med nye samarbeid og konkrete pilotprosjekt og viljen til å eksperimentera for å oppnå måla og satsingane i planen, gjerne der fleire partnarar får arbeida saman på tvers av sektorar. Det bør setjast av midlar til slike pilotprosjekt.

Kultur og næring

Det er sagt lite om kultur som næring i planen. Det saknar vi ei utdjuping på. På side 5 i planen heiter det: ... «Reiseliv, media og kulturbasert næringsliv er viktige næringar. ... Landbruket skjøttar kulturlandskap. ... «Kultur er også ein innsatsfaktor som skaper økonomisk aktivitet, mykje av denne aktiviteten er næringsverksemd »(s. 8 i planen). Kan ein skriva meir om kva denne aktiviteten er? For eksempel har HVM inntekter i høve besøk, men og i form av prosjektarbeid og utgreiingar, kurs og restaurering av fartøy og bygg. Kulturen har sin eigenverdi og heng nøye saman med kvalitetar som kjenneteiknar gode lokalsamfunn. Det bør framhevest meir i planen. Me anar at sektorane i fylkeskommunen ikkje er så samkøyrd som ein håpar. Med ein til dels sektorisert statleg forvaltning er det viktig at fylkeskommunen ser den viktige rolla det er å sjå moglegheiter og vera aktiv utviklar på tvers av sektorane.

Kultur og næring høyrer tett saman. Skal ein få nokon til å flytta til ein stad og bli buande, må det vera eit rikt og variert kulturtilbod slik at heile familien kan trivast både i jobb og fritid. I all planlegging av næringspolitikk må levande lokalsamfunn og kultur vera ein del av planen:

- Kultur som trivsel, identitet, mangfold.

- Kultur som verdiskapar
- Kulturarv som ressurs og vern gjennom bruk og aktivitetar – tradisjon og berekraftig bruk.
- Kultur og innovasjon høyrer saman – kultur tyder å kultivera eller å utvikla

Vi oppmodar om å ha fokus på god kopling og kunnskapsflyt mellom forsking, næringsliv, offentlege aktørar, utdanning mfl. Gjennomføring av planen kan bidra til gode fora og kontaktpunkt som stimulerer til nytenking og innovasjon. Her har vi alle eit ansvar for å skapa møtestader, men fylkeskommunen er særleg viktig for å lukkast i felles løft for Vestland og å sjå til at alle kjem med i det felles løftet. På Tekniska museet i Stockholm fekk vi ved ein studietur høyra om arrangementet «nerdeonsdag» - det var folk som verkeleg kunne og hadde lidenskap for ulike tema som fekk formidla – mange av musea og universiteta har arrangement der ein får læra om tema og får meir kunnskap om saker som ein ikkje tenkte var viktig kunnskap, men som inspirerer ein til å få vita meir og som er relevant for innovasjon og nyskaping i dag. Det gir idear og inspirasjon å høyra dyktige fagmiljø og enkeltpersonar formidla, så det er viktig med konferansar og faste møtestader slik for eksempel Hardangerkonferansen i regi av Hardangerrådet er.

Kommunikasjon kan òg skje digitalt. Hardanger fartøyvernsenter har stor suksess med sine filmar i sosiale media om tradisjonshandverk og kulturarven i bruk. Millionar ser filmane og fartøyvernsenteret har over 380 000 følgjarar i inn- og utland. Det styrker interessa for tradisjonshandverk og kystkultur og lysta til å besøkja fartøyvernsenteret i Hardanger og Vestland. Eit anna døme for HVM sin del er det gode samarbeidet med Fagskolen i Vestland om utdanning innan restaurering- og tømrarfaget ved å leggja ein lærinsarena og deler av studiet til fartøyvernsenteret i Norheimsund. Her koblar ein to kompetansemiljø der fylkeskommune og kommune har lagt til rette og det er skapt eit nytt studietilbod. HVM er opptatt av rekruttering til tradisjonshandverka og dermed til byggebransjen og å bidra til å gje spisskompetanse til unge og fleire på å ivareta vår bygningsarv og verneverdige fartøy. HVM har kunnskap om fruktdyrkingshistoria og kan gjerne bli kopla på samarbeidet som er starta med siderklynga, der NIBIO på Lofthus har forskingsbiten i høve fruktdyrking og dagens hagebruk og fruktdyrkarane bidrar som produsentar i Hardanger som er «Noreg sin frukthage». HVM sin rolle ville vera å visa utvikling og dei lange linjene gjennom historieforteljing knytt til gamle sortar og tidlegare tiders satsing på fruktdyrking og handel i Hardanger – visa samanhengar, kulturmøte og linjer til Europa der fruktsortar kom frå og kva som skjedde når dyrkinga vart satsa på i Hardanger og

Sogn. Tenk kor spanande med eit samarbeid for å fortelja denne historia som skuletilbod og attraksjon for alle. Det finst ikkje noko «e fruktdyrkingssenter eller eplemuseum» i Norge det vi kjenner til, men nokre finst internasjonalt å samarbeida med. Om det blir etablert ein slik partnarskap i Hardanger ville det vera relevant, vekkja interesse nasjonalt og kunna skapa nye arbeidsplasser innan både fruktdyrking, NIBIO, reiseliv og museum. Det er eit døme på korleis ulike typar kompetansar kan koma fruktdyrkingsbransjen, reiselivet, næringslivet og historiedokumentasjon til gode og bidra til utvikling av Hardanger. Hardanger på fruktdyrking er idag internasjonalt med i ulike samarbeid og kunnskapsutvikling ved bransjen og ulike institusjonar.

HVM ynskjer og å framheva tema sirkulærøkonomi og energieffektivisering/sparing som eit viktig tema til handlingsprogrammet framover. Her er det mykje å læra frå næringar som er kome langt som kan ha overføringsverdi til andre næringar og sektorar i eit felles løft for å i vareta ressursar og minska klimagassutslepp og å bevara natur for framtida (vekst/vern problematikken). HVM kan bidra med å formidla korleis ressursar har blitt nytta i tidlegare tider og om gjenbruk og restaurering.

Kultur og reiseliv og temaplan for reiseliv

Under pkt 4.5 temaplanar som skal arbeidast inn støttar vi framleggget frå mange om at det må lagast ein temaplan for reiselivet i fylket og gje det ein samla retning og strategi. Reiseliv er ei av dei største næringane i Noreg. Kultur, reiseliv og gode lokalsamfunn i ei berekraftig utvikling høyrer saman. Koronapandemien har gjort at reiselivsnæringa er utsett for bråe endringar og vi har fått ny kunnskap om kva nordmenn på tur i Noreg ynskjer. Mange har i ei ny undersøking (Riksantikvaren 2020) opplyst at opplevelingar og aktivitetar knytt til kulturminne og kulturarv er viktig – og særleg for ungdom viser funna. Det er viktig at ein ser den rolla som museum/kulturinstitusjonane har som aktør og samarbeidspart i å utvikla «opplevelingskonsept og reiselivsprodukt» og kulturarven i bruk som del av det som er å oppleva langs vegen og langs kysten/fjorden eller der det finst ei historie å fortelja som vekkjer interesse for folk og landskap/byar.

Pkt 1.2 Framtidas arbeidsplasser – symbol viser dei viktigaste næringane. Reiseliv ved «verdas vakraste fjordar og fjell». Nedanfor er det vist symbol for berekraftig reiseliv. HVM ynskjer å få fram at det både gjeld eit natur- **og kulturbasert reiseliv**, som er meir enn oppleveling av natur. Det som gjer dei norske fjordane spesielle er at det bur folk langs fjordane i det vakre landskapet

og kulturlandskapet som går langt tilbake i tid. Det kunne og kome fram i symbolbruken, både landskap og folk. Kva med å visa «kulturkringla» og som er teiknet for kultur, nytta td på vegskilt?

Om kopling til andre regionplanar og handlingsplanar – kva med kopling til regional plan for kultur?

Pkt 4.5 Avgrensing og kopling til andre planar ...»I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det lagt føringar for at denne planen skal sjåast i samanheng med andre regionale planar. Det er beskrive dei fleste planar som er aktuelle, men HVM saknar i høyringsutkastet til regional plan for innovasjon og næringsutvikling at ein koplar mot regional plan for kultur i opplisting av alle regionale planar som ligg til grunn. Planprogram for ein ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 -2035 er no ute på høyring, men det finst 2 gjeldande planar: Regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, Premiss fkultur og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle.

Kultur dekkjer eit stor og variert fagfelt i fylket. Når det gjeld kultur og næring så er opplevingsøkonomien sterk, med t.d. reiseliv og filmnæring basert på kulturell eigenart, kultur har og ein eigenverdi som samfunnsskapande kraft slik vi har nemnt i vårt høyringssvar.

HVM ynskjer og at det i Regional plan for næring og innovasjon skal visast til fylkeskommunen sin **Handlingsplan 2021 Kultur**. Denne handlingsplanen gir oversikt og må sjåast til når det gjeld vedtatt satsing på kultur og kultur/næring. Den gir føringar frå vedteken utviklingsplan Vestland og nye oppgåver frå 2020. Den har 7 hovudtema. HVM vil gjerne gjera sitera **pkt 4 Verdiskaping frå handlingsplan 2021 Kultur:** «Mål: Kulturbasert næringsutvikling skal styrke verdiskapinga i og rundt kultursektoren, og auke attraktivitet og bulyst. Kulturnæringerane skal vere ein viktig del av komplette verdikjeder. Kulturelle og kreativ næring skal ha tilgang til næringspolitiske verkemiddel og støtteordningar, på lik linje med andre næringar.» Det er lista opp 5 tiltak:

- Regionale bransjetiltak kunstfeltet
- Kulturaktivitetar som komponentar i reiselivsprodukt
- Kulturminnevernet som grunnlag for verdiskaping
- Verdsarven som ressurs for reiseliv og friluftsopplevelingar.

Hardanger og Voss museum ynskjer alle lykke til med gjennomføring av planen som reiskap til konkrete resultat og verdiskaping og innovasjon i heile fylket. HVM vil gjerne vera med på dette og kan gjerne bli involvert vidare i arbeidsgrupper i fylket og i partnarskap med næringsliv, kunnskapsinstitusjonar og kommunar i Vestland fylke.

Norheimsund den 26. mars 2021

Randi Bårtvedt

Hardanger og Voss museum

Spesialrådgjevar

Mobil 97710397

Åsmund Kristiansen

Hardanger og Voss museum

Direktør

Mobil 91746811